



Seim Bygg AS  
Nesbrekka 28  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/18775 - 21/3272

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
22.01.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 172/212 Hopland

**Tiltak:** Tomannsbustad  
**Byggjestad:** Gbnr: 172/212  
**Tiltakshavar:** Seim Eiendomsutvikling AS  
**Ansvarleg søkjar:** Seim Bygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 07.12.2020. Vi beklagar sein tilbakemelding.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå regulert planeringshøgd.  
Det går fram av plankartet og føresegn 3.1.5 at maksimal planeringshøgd for bygning er gitt til kote + 22 m.o.h. Av søknaden går det fram at planeringshøgda er oppgitt til kote + 23 m.o.h. Omsøkt tiltak krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå reguleringsplanen for dette forhold.
2. Dokumentasjon som viser at Vestland fylkeskommune som eigar av gbnr 172/171 (fylkesveg 5474) er varsla. Det vert vurdert at det ikkje er nødvendig å varsle dispensasjonen på ny til andre naboar, då dei som vert berørt har gitt erklæring med samtykke til omsøkt plassering.
3. Teikningar over murar som skal etablerast.  
Vi ser at det skal etablerast støttemur mot gbnr 172/210 og mot fylkesveg i sør-vestre del av tomten. Nødvendig lengde- og tversnitt av murane må sendast inn.  
Mur må plasserast i samsvar med byggegrenser og med dei høgdeavgrensingar som er i planen. Vi viser her til at det går fram av terrengprofil at mur mot gbnr 172/210 har høgde oppgitt til 2,1 meter, som vil vera i strid med føresegn 2.10.1 der det er fastsett at murar ikkje skal vera høgare enn 1,5 meter.

Murar som oppfyller krava til tiltak som ikkje krev søknad og løyve, jf. SAK10 § 4.1.e.6, treng ikkje gjerast ytterlegare greie for.

Det kan sjå ut som om mur som skal etablerast i sør-vestre del av tomten kan koma i konflikt med offentleg avløpsleiding slik han går fram av godkjend løyve til etablering av tekniske infrastruktur datert 17.08.2018 i sak 18/1688. Etablering av tiltak nærare offentleg leidningsnett enn 4 meter krev at det vert søkt om dispensasjon. Søknaden vert oversend avd. for Samferdsel, veg og VA forvaltning for uttale. Slik dispensasjon er nødvendig uavhengig av om muren krev søknad og løyve eller ikkje.

4. Av situasjonsplanen ser det ut som om mindre del av bustad og uteopphaldsareal er plassert i strid med støysone. I samsvar med føresegn 7.1.1 skal det sikrast at bustadar og tilhøyrande uteområde tilfredsstiller støykrava i t\_1442. Vi ber om at det vert gjort greie for om krav til støy er oppfylt.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.03.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Seim Eiendomsutvikling AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM
---------------------------	--------------	------	------

### **Mottakarar:**

Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM
--------------	--------------	------	------